

Bygdarock i Helgheim, laurdag 30. november.

28.11.2019



Sløyden Rock inviterer til Bygdarock i Helgheim fyrstkomande laurdag.

Sløyden Rock med base i Herøysundet inviterer til Bygdarock i Helgheim, laurdag 30. november. Arrangementet er ope for alle og billettar kan kjøpast på SPAR, Uskedalen og nokre andre stader i Kvinnherad. Bygdarock i Helgheim er ein god gamaldags bygdafest med livemusikk heile kvelden. Det har til no vore god interesse og det er godt førehandssal av billettar.

Musikken på laurdag høver for dans, song og ikkje minst så kan det rockast til. Det er sal av drikke med og utan alkohol. Nattmaten er Hog Dog. Dørane opnar kl. 20.00. Hugs kontant betaling.

Sløyden Rock sitt arrangement i Helgheim har vore gjort før, med stort frammøte og god stemning.

Billettane kjan kjøpast her:

- SPAR, Uskedalen
- Circle K, Husnes
- Bunnpris, Seimsfoss
- VIPPS: 40051260 - hugs namn

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå plakaten